

Oppdrettslaksen veks seinare denne våren

Den kjølige våren med kald nordavind er syndaren i forklaringa om kvifor laksen veks seinare i Nordfjorden i år. Dagleg leiar Svein Jørgen Strømme i K. Strømme laseoppdrett forklarar at laksen er vekselvarme, og derav temperaturavhengig. Den et mindre når det er kaldare. Sjøtemperaturen har lege på mellom 8 og 9 grader, opp mot 11 grader på same tid i fjor, og det kan vere grunnen til at laksen veks seinare i år.



Rekordstor investeringsvilje i fylket

Direktør Halvor Flatland i Innovasjon Norge i Sogn og Fjordane seier til Firda at dei i år har tildelt dobbelt så mykje midlar i år samanlikna med i fjor. Til no har det vorte tildelt 271 millionar mot 132 millionar i same periode i fjor. Flatland seier at dei har hatt solid vekst på tilskotssida i høve fjoråret innanfor alle kategoriar, og framhevar mellom anna eit stort prosjekt innafør miljøteknologi i bedrifta Norsun i Årdal.

Sildeolje ved Sørstrand – brannvesenet rydda opp

FLORA: Magne Hovland var på badestranda på Sørstrand saman med ordføraren og rådmannen då dei oppdaga opphoping av sildeolje i sjøkanten. Brannvesenet vart tilkalla og rydda raskt opp.

MAIKEN AANNEVIK SOLBAKKEN
maiken@firdaposten.no

– Det er første gang vi har oppdaga noko sånt og det er synd at slikt skjer. Men det er utruleg bra at brannvesenet er på pletten så raskt, seier Hovland.

Hamnvesenet opplyste Hovland at det har vore fleire fiskebåtar som har landa fangst i Florø i helga, og det er ein sørgående båt som mest sannsynleg har slept oljen.

– Brannvesen raskt på plass

Eivind Ask ved Flora Brannstasjon kunne to timar seinare stadfeste at vedkommande var identifisert. Det er brannvesenet som er ansvarleg for tilfeller med forureining i Florø.

Bataljonen frå brannstasjonen var raskt på plass i folkeparken knappe to timar etter Hovland melde frå.

– Det var eit uhell på det næraste og var ikkje ei vond handling. Dessutan er det enkelt å fiske. Det er lukta som er verst og ekkelt for dei som vil bade. No er ryddemannskap på plass, seier Ask.

Den råka sanden vart spadd vekk, og resten olje som flaut i sjøen vart fjerna.

– Resten av oljen vil sjøen sjølv fjerne, så den let vi ligge. Men i badeområdet tek vi oss av det,

■ Fiskebåt vaska tankane ulovleg i Brufjorden



OLJESØL: Magne Hovland oppdaga sildeolje i vasskanten ved den nye badestrana på Sørstrand. Florø Hamn og Næring KF vart umiddelbart kopla inn, og Brannvesenet ordna raskt opp.

seier Ask.

– Fiskebåtar har blitt betre

Hamnesjefen Audun Korneliusen seier at det i år ikkje har vore rapportert inn nokon andre tilfeller med oljesøl, enn sildeoljen funnen på Sørstrand på måndag.

– Tidlegare var det nesten daglegdags å finne fiskeolje drivande i fjordane. No er dette blitt sjeldan vare, og mannskapet på fiskebåtane har blitt flinkare til å følgje regelverket. Vi håpar dei har lært, seier han.

Om ein vaskar tankane sine i

ulovlege områder kan ein på det verste risikere politimelding og saftige bøter.

Fiskebåten som vart teken for å oljesølet måndag skal dekke kostnadene ved opprydding som brannvesenet stod for.

– Båten må betale for moroa,

seier hamnesjefen.

– Fiskeolje er eit forferdeleg fettstoff, og er vanskeleg å få vekk når det først har festa seg til båtar og diverse. På Sørstrand er det synd med den nyelaga badestranda, difor er det bra at brannvesenet tek rask affære, seier han.

Natursti og volleyball på Sørstrand

FLORA: Jonsokaftan kommande laurdag vert ein aktivtetsfylt dag på Sørstrand Folkepark med aktivitetar og leik både for unge og vaksne, og det tradisjonelle jonsokbålet i god tid før hovudbålet tenast på Rota.

MAIKEN AA. SOLBAKKEN
maiken@firdaposten.no

– Vi har aktivitetar for dei fleste. Volleyballturneringa vert sett i gang klokka tre, og finalen skjer like før den offisielle opning klok-

ka fem med Sparebanken Sogn og Fjordane. Barneaktivitetane byrjar allereie klokka to, og vi har fått med oss åtte betalte ungdommar som har regien, seier Nygård.

– Sankthansbålet tennast først klokka seks. I tillegg vil vi ha musikk på området frå klokka halv seks og utover, seier Nygård.

Inngangsbetaling

– Nytt denne gongen er at vi må inngangspengar, høvesvis 20 kroner for vaksne, 10 for barn, og 50 for ein heile familie, seier Nygård. Inngangsprisen vil dekke kull til

fellesgrillane, betaling til den åtte ungdommane, og anna nødvendig materiale.

– Nokon må ta med eingongsgrillar i tilfelle det ikkje vert nok. Vi har berekna til 1000 personar. Mat må folk ha med sjølv, seier han.

Brua utsett

– Vi er i gang med å støype fundamentet på STX, men det har teke litt lenger tid enn forventa. Vi onskjer ikkje å forhaste prosessen. Brua vil først bli klar uti neste veke, seier Nygård.



JONSOK: Jan Henrik Nygård, styreleiar i folkeparken.

Foto: Maiken Solbakken